

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1969

Namnet på vatnet Sørselbekk
Kommune Kvægård

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

S K E I S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 27. august 1979.

Vatnet ligg i Haugesund kommune og grensar for ein del til Haraldsvang.

Arealet er omlag 15 ha. og h.o.h. 23 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men etter det folk kunne fortelje, skal største djup vera omlag 30 m.

Her er noko sandstrand, men stort sett går jordsmonnet like til vatnet.

Gjørmebotn dominerer.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er frodig og ein vil finna botngras, brasmebras, flotgras, siv- og algevegetasjon.

Nedslagsfeltet femner om noko dyrka mark, kulturbeiter og kulturskog.

Hovudtilsiget fell inn i aust og kjem frå Arkavatnet m. fl. Avlaupet renn ut i nord til Tornesvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er ca 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.3 som er heilt ideelt for aure. Innhaldet av kalsium (Ca/1) er målt til 11.50 mg/l og den totale hardheita (CaO/1) til 15.0 mg/l. Dette er godt samanlikna med andre analyserte vatn og fører til små svingningar i pH gjennom året.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) = 78.3.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøve på 2.0 m djup og her vart det funne 11 fjærmygglarver, 2 fåbærstemark, 2 muslingar og 1 vannmidd - i alt 160 individ pr. m^2 .

Vidare tok ein mageprøver av 3 fiskar og fann her fjærmygglarver buksvømmere, vannkalv og daphnia (plankton).


2

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Sjøaure, ferskvæs-aure, ål og stingsild.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 96 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar har vi sett opp nedanfor.



Det vart teke prøver av 31 aurar. Av desse var det etter alt å døma 19 ferskvassaure og 12 sjøaurar.

Ferskvassaure:

Av dei 19 fiskane var 10 røde og 9 lys-røde i kjøttfargen.

9 av fiskane (47 %) var angripne av måkemakk.

Vidare var det 10 hofiskar og 9 hanfiskar.

10 fiskar (52.6 %) var gytefisk - resten gjødfisk.

Medelveka av prøvefiskane 258 gram.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane, vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	5.1	9.8	16.9	23.5	28.8	32.0
Årleg lengdetilv. i cm	5.1	4.7	7.1	6.6	5.3	3.2
Antall fiskar	19	19	19	17	10	3

Medel kondisjonsfaktor = 1.07 tilseier fisk av god kvalitet.

Sjøaure:

Det vart teke prøver av 12 sjøaurar. Av desse var 8 røde og 4 lys-røde i kjøttfargen.

Vidare var det 7 hofiskar og 5 hanfiskar.

4 av fiskane var angripne av parasittar (måkemakk).

5 fiskar var gytefisk - resten gjødfisk.

Medelveka av prøvefiskane 298 gram.


Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane, vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter			
	1år	2år	3år	4år
Medellengde i cm	4.9	9.2	23.1	30.3
Årleg lengdetilv. i cm	4.9	4.3	13.9	7.2
Antall fiskar	12	12	12	5

Medel kondisjonsfaktor = 1.07 tilseier fisk av god kvalitet.

4.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Skeisvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år). Nåv det gjeld sjøauren, så forlet denne vatnet etter 2 år, og vi har næraast for moro skuld sett opp ein vekstkurve for denne.



Som vi vil sjå av vekstkurven, så syner auren i Skeisvatnet ein god lengdetilvekst og ligg godt over normalkurven. Fisken går mot ei maksimallengd på ca 35 cm. Nokre fiskar som er vesentleg større enn dette vil det nok finnast.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må Skeisvatnet karakteriserast som eit relativt næringsrikt vatn og der tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse gode og vatnet har ei god "bufferemne" som fører til små svingningar i pH gjennom året.

Botnprøven, saman med mageprøvene, syner at mange arter av næringsdyr er å finna.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, fortel om fisk av ymse årgangar og storleikar.

Vekstkurven og kondisjonsfaktoren tilseier gode tilhøve for auren. Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setja sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt. Skeisvatnet har for ein del "sivilisasjonen" som nedslagsfelt og fylgjeleg kan ein ikkje sjå bort frå ei viss forureining av ymse tilsig. Men hovudtilsiget har ei relativt bra vassføring og denne innblandinga gir ein god vasskvalitet og bra næringsforråd for auren. Fisken vi fekk var då også uvanleg fin i høve til det ein vanlegvis finn rundt om i dei ymse vatna.

Det som gjer Skeisvatnet serleg interessant, og til eit mykje verdfullt fiskevatn, er at sjøauren går opp her. Dette er eit ettertrakta fiskeslag, såvel av sportsfiskarar som andre, og ein må gjera sitt beste for å auka bestandet. Vi skal og hugse på at sjøauren skattar næringsforrådet lite, då den storparten av sitt liv ernærar seg ute i sjøen, og kjem som regel tilbake til si "barndomselv" for å gyte.

Ein stor del av aurane vi fekk var angripne av måkemakk. Dette skuldast då måken og stingsilda. Stingsilda er ein ypperleg næringsfisk for auren, og ein vil alltid finna stor fisk i vatn med stingsild, men den er mellomvert for måkemakk. Parasittane vil som regel vera å finna på fiskesloet, slik at om ein reinskar fisken snarast etter fangst, vil ein kvitte seg med måkemakken. Grav alltid fiske-slo og anna fiskeavfall forsvarleg ned.

Gytetilhøva er gode i nedre delen av hovudtilsiget, men eit stykke lenger oppe er det ei sterk gjengroing og ein frodig vegetasjon. Botntilhøva her er gjørme.

Praktiske tiltak.

Det er få byar som er så heldige som Haugesund, som har eit ypperlg fiskevatn like utafor stuedøra.

Vi vil tilrå at det blir sett i gang med sal av rimelege fiskekort til flest mogeleg, då det vil vera god von om å få ei "aurekoke" for nokon kvar som vil prøve fiskelukka.

Pengane som kjem inn ved fiskekortsal kan så nyttast til aktuelle kultiveringstiltak.

Vidare må ein gjera sitt beste for å byggja opp eit større sjøaurebestand i vassdraget. Dette kan gjerast ved å gå over utfallsbekken om hausten med El.fiskeapparat og fanga inn stamfisk.

Ein må inngå avtale med eit eller anna klekkeri og på denne måten sikra yngel. Yngelet kan setjast ut lenger oppe i vassdraget, gjerne i sidebekker med sikker vassføring, og om det er bekkaure der yngelet skal setjast ut, må denne på førehand fangast ved hjelp av El.fiskeapparat. Vert ikkje dette gjort, vil ein stor del av yngelet bli oppete av bekkauren.

Elles må ein gå over bekken mellom Skeisvatnet og Tornesvatnet og foreta opprydding for å letta oppgangen av sjøaure. Det må og gravast kulpar på høvande stader. Desse vil tjena som kvilehølar for fisken og også som fiskekulpar for stangfiske.

Ein syner elles til brev frå fiskekonsulent Vasshaug til Direktoratet for vilt og ferskvannsfiske av 5/12 1978 vedk. Haugesund kommune-Kvalaelv og Dubberselv.

Vassdraget må gåes over like frå sjøen av saman med fiskekonsulenten og det må merkast av både på skisse og i terrenget dei tiltaka som må gjerast for å betre tilhøva for sjøauren i vassdraget. Om ynskjeleg vil også underskrivne vera hjelpesam med dette arbeidet.

Stavanger 14/2 1980

Einar Berg